

Kyrkjeblad for Vestre Slidre



Teikning: Mads Wangensten

Julaftan stod gomo
på trammen.
Lydde etter omen
av Slidreklokkene.

Inne var det helg.
Vaska
baka
bryggja.
Kokt og steikt.

Kristneteppet
på plass
i høgsetet.

Juledagen med
hesteskysse
til kyrkjes
i dombjølleklang
og stille snø.

Eg kjøper meg jul.
Bakar saman med
andre bygdekvinner
sju slag på ein kveld.
Effektivt. Sosialt.

Kjøper gåver,
kjøper tre.
Tek ribba og lutefisken
opp or frysaren
– i god tid.






Kristneteppet
på plass
i høgsetet.

Julaftan står eg
på trammen.
Lyder etter omen
av Slidreklokkene.

Saman.

Johanna F.

God Jul!



LYSET SKIN I MØRKRET

Det hev ei rose sprunge ut av ei rot så grann!

Gud kjem heilt nær. I eit lite barn. Enno ein gong.
Takk!

*For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.
Herreveldet ligg på hans skulder.*

*Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig
Gud, Ewig Far og Fredsfyrste.*

Fredsfyrsten kjem til oss ned. For å gje oss glede, håp
og fred.

Han vart lagt i ei krybbe, fekk varme frå dyra.
Så stille kom Gud til vår jord.

Og nå:

Om eg – let att augo og opnar alt det andre – i meg, er
det mogleg å kjenne krafta frå Jesusbarnet her og nå.
Vi er ikkje gløymde.

For: *Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske,
kom no til verda.*
Ordet vart menneske.

Det sanne lyset er mellom oss. Det er i oss.
Gud har teke bolig blant oss.

*Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for
menneska.*



Gud er liv. Gud gjev oss liv. I han lever vi, rører oss
og er til.

Der juleevangeliet hos Lukas er konkret og nært, på
veg til Betlehem, på gjetarmarka og i stallen, er
Johannesprologen den kosmiske fortellinga om Guds
kome til verda. Her er skaping. Noko nytt spirer fram.
Og vi merker det.

Ordet blir ikledd kjøtt og blod, i Guds son, lyset i
verda.

Lyset som skin fra tidenes morgen. Var der før alt.
Kjem med nåde og sanning. Vert oss til del gjennom
eit lite barn.

Det lille barnet som ... *voks opp til mann og sa at han
var Gud. Han levde slik som andre han, og såg heilt
vanleg ut. Hans rike låg langt borte frå all sorg og
vondskap i vår verd, og enda bed han oss forstå at det
er inni oss det er* (Edvard Hoem, salme nr 740)

Ved å bli menneske utfordrar barnet som blei mann
oss til å sanse Gud.

Vi vert utfordra til å sjå –

Vi vert utfordra til å sjå Gud –

Sjå lyset i den andre –

den sorgtunge, den utstøyte, den einsame, den fattige,
den redde, den svoltne, den som ikkje orkar, oss
sjølve – for det er alltid meg du ser, seier han.

Han som snudde alt på hovudet.



Konge, men fødd i det enkle.
Veldig Gud, Fredsfyrste, men død på eit kors.
Ein død som gjev oss liv.
Han er berar av lys, nåde og sanning.
Det skin på den som ser.

Alt har han fra Far sin, fra han som var til før alt.

Guds lys brann då alt tok til, det lyste i betlehemsnatta.
Det skin no med ei stråle av lys så klår at det ein dag
skal sløkke all verdas mørke.

Vi får leve i gjenskinnet av vår skapar.

Vi ber gjenskinet vidare.
Til andre, med andre, for andre som sjølve ikkje kan
bera.
Guds lys skin mellom oss.

Kanskje kan vi denne jula erfare nåden gitt oss på nytt,
tru på denne sanninga?
Kanskje møter vi det i eit lite barn, i lukta av halm,
ein julesang, i blikket til ein annen, i ein telefon -
samtal eller i stilla.

Vi kan ta imot. For vi er gjevne mykje.
Vi kan gjev vidare. For vi har fått mykje.

For: *Før alt og til alle tider var Ordet hos Gud.
Ordet var Gud. Og alt er blitt til ved han.*

Eit lite born viser oss det.
Eit kors viser oss det.
Ei tom grav viser oss det.

Gud er nær. Gud er her. Nå.

*Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne
det.*

Gledeleg jul!

Berit Kristin



Flukta til Egypt, barnemorda i Betlehem, ramaskrik og legende



Flukta til Egypt av Gentile de Fabriano.

Etter å ha vitja Den heilage familien i stallen på Betlehems-markene reiste Dei tre vismennene direkte heim att. Vegen dei tok gjekk langt utanom slottet til kong Herodes, for dei hadde fått varsel om at han hadde vondé baktankar...

Like etter viste ein Herrens engel seg for Josef i ein draum og sa:

– *Bryt opp, ta med deg Maria og barnet og røm til Egypt. Bli der til eg seier i frå, for kong Herodes kjem til å leite etter barnet for å slå det i hel!*

Gleda Maria hadde kjent då dei tre vitjarane såg Messias i son hennar, vart straks omgjort til smerte og otte, Ho var vel vitande om kva denne grufulle kongen var i stand til.

Josef føydde seg lydig etter åtvaringa han hadde fått. På ein augneblink pakka han saman gåver og tøler, tok Maria og det vesle Jesusbarnet med seg og for av garde same natta.

Det fanst to hovedruter til Egypt; ei ganske komfortabel ei, langs Middelhavskysten og gjennom Gaza, men og mykke brukt. Den andre, mindre nytta, kryssa Idumea-ørkenen og fylgde leia til Sinaihalvøya. Josef valde det siste alternativet. Både rutene utgjorde lange reiser på fleire hundre kilometer, som kunne ta frå ti til fjorten dagar.

I Hebron kjøpte dei proviant før dei byrja ferda gjennom øydemarka. Ganske sikkert slutta dei seg til ein liten karavane. Å ta seg fram åleine ville vera ganske umogeleg, på grunn av den trykkjande varmen, fare for sandstorm, mangel på vatn og farlege røvarar – ja, heile kongehæren med! Fyrst når dei var komne til grensa mellom Palestina og Egypt kunne dei kjenne seg trygge. Dette var så farefull ei ferd at jamvel erfarte soldatar kvidde seg meir for å fara gjennom dette ørkenområdet, enn å føre krig, seier historikaren Plutark.



Barnemorda i Betlehem av Valerio Castello.

BARNEMORDA I BETLEHEM

Kong Herodes var ikkje jøde av David – eller Aron sitt hus og ætt, men ein idumear, altså frå eit ørkenfolk som vart tvangs-judaisert. Han stod på god fot med dei romerske



Barnemorda i Betlehem av Peter Paul Rubens.



Jesus byd ei daddelpalme å bøye seg.

makthavarane, men møtte motstand fra jødane. Då han fekk høyre av dei tre vismennene at ein ny konge var fødd, vart han skremt, og bad dei straks koma attende og fortelje kvar denne nye kongen heldt til. Han visste godt at det ikkje var kome til verda nokon ny prins i hans eige slott, men no dukka han opp – den farlegaste rivalen av alle – jødane sin eigen konge! Han ottast for både krone og trone. Alltid hadde han levd i skrekk for at andre skulle gripe makta frå han, difor mistenkte han alt og alle, til og med sin eigen familie. Det førde til at han avretta dronninga si og to søner han hadde med henne. Seinare drap han ein son til.

Då keisar Augustus fekk nyss om dette, skal han ha sagt:
– *Det er betre å vera svin hjå deg enn son!*

Då Herodes skjønte at vismennene hadde reist utan å koma innom med det svaret han venta på, vart han rasande. Utan å nøle avgjorde han at *der* – i Betlehem med nabolag, – skulle alle guteborn under to år drepast – og det med ein gong! Då rakk ikkje den nye jødekongen å koma seg unna – meinte han...

Soldatane lystra ordre og massedrapet på små gutar starta i høgt tempo og med skarp presisjon – her skulle ingen sparast, her var ingen tid å miste!

Då var målet for ugjerningane allereie på veg til Egypt...

RAMASKRIK

Borna vart rivne ut av armane på mødrerne sine og slakta ned. Høge skrik og jammer steig opp mot himmelen, og skal det nokon stad ha vorte ramaskrik, var det vel her.

I sin versjon av juleevangeliet seier **evangelisten Matteus** i vers i 2.18:

Slik vart det oppfylt, det ordet som profeten Jeremia har tala: – «*Det høyrdest eit rop i Rama, gråt og høg klage; Rakel gret for borna sine og ansa ikke trøystarord. For borte er dei.*»

Rama er nemnt fleire stader i GT. Det er rimelegvis tale om fleire byar, men Rama som gav oss skriket ligg ca 8 km

frå Jerusalem. Rakel er her talskvinne for alle mødre i all tid.

Ramaskrik skulle vera uttrykk for sorga til ei utrøysteleg mor over tapet av barnet sitt. Med tida har ordet fått eit meir trivelt og ofte nedsetande innhald...

Flores Martyrium. Dette er ei av smertene til Maria: Å forstå det hatet andre hadde til hennar Son og Herre, og forstå at ivering av hennar eigen son ville føre til døden for andre.



Flukta til Egypt av Albrecht Durer.

Dei skuldlause, drepne guteborna vart av den romerske, kristne poeten Prudentius kalla «**Blomar av Martyriet**» (Flores Martyrium). Dei døydde ikkje berre for Kristus, men i staden for Kristus.

Tradisjonen fortel at Maria med barnet i fanget reid på eit esel som Josef leide i grimen. Dette vart eit ynda motiv for både biletkunstnarar og apokryfe (utanombibelske) tekstskskrivarar som har late fantasien blomstre fram talrike bilete og overdådige legender, der palmer gjer lauvverket sitt større for å gje skugge til dei reisande, vasskjelder som uventa spring fram for å lindre tyrsten deira, ville dyr vert tamme og røvarar snille...

Selma Lagerløf har i boka «*Kristuslegender*» under tittelen «*Flykten til Egypten*» handsama dette temaet. Her er ei avkorta utgåve:

Langt borte i ei av Austerlands øydemarker vaks det for mange, mange år sidan ei palme, som både var uvanleg gammal og uvanleg høg. Der stod ho no, i si einsemd, og skoda ut over sanddynene. Ein dag fekk ho sjå noko som fekk bladkrona på den smale stamma til å skaka på seg: To nedstøva skikkelsar, ein mann og ei kvinne, streva seg framover, tydeleg framande i ørkenen, for dei hadde korkje vegvisar, lastedyr eller vass-sekk.

– *Sanneleg, sa palma til seg sjølv, – desse to er komne hit for å døy.* Så kasta ho snøgt nokre blikk rundt seg, og tenkte: *Rart at ikkje løvene alt er ute for å få seg ein rask fangst – men eg ser ingen! Ikkje ser eg nokon av røvarane i nærleiken heller – men dei kjem nok!* Og løvene skal sluke dei, ormane stikke dei, tyrsten turke dei, sandstormen blåse dei ned, sola brenne dei og røvarane felle dei, – eller dei kan krepere av skrek!

– *Men i all verda si turke og storm – kva er det kvinna har på armen? Jammen trur eg desse idiotane har drege med seg eit lite barn, og det har ikkje ein gong klede – mora har berre kasta ein flik av kjortelen sin over det! Ho må ha hatt därleg tid! – Desse folka må vera flyktingar! Men toskar er dei, om ikkje ein engel held handa si over dei...*

Bladkrona byrja røre på seg, alt sterkare som til ein brusande melodi, og det minte palma om ein gong for lenge sidan, då den namngjetne dronninga av Saba kvilte seg her saman med sjølvaste kong Salomo. Her skulle dei skilje lag og reise kvar til sitt, men først ha ei lita hyrdestund i denne svakkande oasen. Den vakre dronninga tok etterpå såleis til orde:

– *Til minne om denne stunda, set eg no ned ei daddelkjerne i jorda, og eg vil at det frå den skal koma ei palme. Den skal vekse og leva til det i Jødeland kjem ein konge, som er større enn kong Salomo.*

– *Kvífor tenkte eg på dette akkurat no?* undra palma seg.

Samstundes hadde dei to farande fått auga på palma og oasen. Dei styrde stega sine dit i håp om å finne vatn, men sokk saman då dei fann kjelda turr. Kvina sat gråtande



Kvile under flukta til Egypt.

med barnet, og mannen låg attmed henne og hamra i jorda med berre nevane. No kom dei til å døy, sa dei til kvarandre. Brått såg kvinna opp og fekk auga på daddelklasane som skein så vakkert i sola høgt der oppe i palmekrona, så store, saftige og søte, men alt for høgt oppe – ikkje til å få tak i.

– Å – Dadlar! – Dadlar! ropte ho.

Barnet hadde stulla rundt for seg sjølv eit lite bel, men då han høyrdे mora gret og tala om dadlar, byrja han å stire på treet, granska det frå toppen og ned. Han gjekk bort til det, strauk på stamma med den vesle handa si og sa:

– *Palme bøy deg! Palme bøy deg!*

Palmeblada susa, og stamma skalv, kjende at den vesle var mektig og ikkje til å stå i mot, og bøygde seg ned mot barnet, så djupt at bladkrona sopte i sanden. Med eit fryderop plukka barnet klase etter klase med dadlar til mor si. Josef fekk sikkert rikeleg, han og. Etter kvart vart det meir enn nok, men treet låg framleis på bakken, Den vesle strauk då over trestamma ein gong til, og sa med ljuvleg røyst:

– *Palme reis deg! Palme reis deg!* Og det store treet reiste seg stille og vyrdssamt, medan blada spela som harper...

Neste gong ein karavane for gjennom ørkenen såg dei reisande at blada på den store palma var visna.

– *Så rart, sa ein av dei, – denne palma skulle ikkje døy før ho hadde sett ein konge, større enn Salomo!*

– *Kan hende det er akkurat det ho har, sa ein av dei andre i fylgjet.*

Sigrun Sørensen

Hva vet vi om Slidredomens aller eldste historie?

Sammendrag av kåseri i Slidredomen 20. november 2021.

Selv steinbygningen står, den kan vi se og fortolke. Pavabrevet i 1264 sier at klerken Torstein ble utnevnt til prest i «ecclesia St. Marie de Slidrum», Mariakirken i Slidre. Stokker i takverket er hogd i 1268. Alterkalken fra om lag 1350 er gitt av Salomon, biskop i Oslo, han var prest i Slidre i 1298. I 1364 nevnes «sudadurunum kirkunnar a Slidrum», sørødøra i kirken. Ellers vet vi lite om den aller eldste historien.

Det var seks hovedkirker på Østlandet: Gamle Aker, Tønsberg, Tjølling, Gran, Hoff på Toten, Ringsaker. Kirkene er så like domkirkene i Oslo og Hamar at byggingen må ha vært et samlet geistlig styrt tiltak. Flere kirkesteder ser ut til å ha vært lokale førkristne sentre, tingsteder eller kultsteder.

Flere kirker står på steder som er kjent som residenser for aristokratiet. Kirkene kalles gjerne høgendeskirker, det er privatkirker. De kan være bygd av en verdslig stormann på hans residens og primært ha vært til bruk for stormannen med familie og tjenere.

Vi kjenner ikke til at Slidredomen har vært en stormannskirke. Vi vet ikke om noen stormannssett akkurat her. Men særlig to gardsnavn nær ved kirken kan tyde på et gammelt sentrum. Fylkji er folk + vin (grasslette), et samlingssted for folk, kanskje et kultsted i religiøs sammenheng. Noe gudehov kjenner vi ikke til. Vollen (Vølle) kan være en tingvoll, et sted folk samlet seg til ting, nær kultstedet? Slidre blir kirkestedet. Slidre har navn etter den vesle bekken i Stupuldalen, intet kultsted eller samlingsted. Det kan ha vært mektige folk i dette området i førkristen tid, kanskje med gravfelt oppe i åsen? Er vandrehistoria om valdreskongen og hallingkongen ikke bare et sagn, men en stadfesting av at makta i Valdres var i Slidre? Hvorfor ble kirken lagt på Slidre og ikke på Fylkji? Kirkene ble ofte lagt nær eller over gudehovet, kultstedet, for å vise at kirken seiret over hedendommen. Var nærværen til fjorden, transportåren, viktigere?

Rike jordbruksbygder hadde ofte økonomisk evne til å bygge i Stein, mens mer utkantstrøk bygget i tre. Men bildet er ikke svart-hvitt. Det finnes trekirker i gode jordbruksbygder, og steinkirker i utkantstrøk. En stor gruppe steinkirker ligger i området rundt Oslofjorden, med utstikkere oppover innlandsdalene.

Valdres og Hallingdal hørte til Stavanger bispedømme fra 1125. Impulsene i Stavanger bispedømme ser ut til hoved-

sakelig å komme fra anglo-normannisk, angelsaksisk, engelsk område. Gjelder impulsene vestfra også Valdres? Dører og åpning mot nord i kirkene knyttes gjerne til Vestlandet. Slidredomen har en norddør. Av mer enn 2.600 mynter gravd fram under kirkegulv i Valdres og Hallingdal er det en eneste engelsk mynt, fra Mo kirkeruin. Domkirken i Stavanger er vigslet til St. Swithun, kirken på Filefjell til St. Thomas, begge er engelske helgener.

Kirkens organisasjon var godt utbygd fra ca. 1250. Mange nye kirker bygges og mange eldre blir utvidet. Lokalsamfunnet blir organisert i sokn med hver sin prest. Et nett av kirker og prester fanger opp hvert eneste menneske. På det meste var det en geistlig for hver 3-400 innbyggere.

Slidredomen er trolig bygget på kirkelig initiativ. Biskopen trengte en hovedkirke i Valdres. Valdres var langt mer folkerikt enn Hallingdal. Det var om lag 5.300 mennesker i Valdres før Svartedauden. Valdres hadde 18 stavkirker og 3 steinkirker. Hallingdal hadde 8 stavkirker. Maria var den viktigste helgen, og det viser også hvor viktig kirken var som hovedkirke.

Kristendommen slo rot hos folk flest. Det var en avgjørende motivasjonsfaktor for å få folk med på et så stort prosjekt. På 1100-tallet greide kirken å snu folks tankegang dit at de trodde på hinsides farer, på evig frelse – eller pine – og på at presteskapet og kirken gjorde helt nødvendige tjenester for livet her på jorda, men særlig for det hinsidige. En konsekvens av dette var at folk la gaver til kirken for å sikre seg særskilte lettelse etter døden. Men giverne måtte være trygge på at de fikk vederlag. Derfor ga de til en viss kirke, til et visst alter, til en viss rekkefølge av prester, og fikk navnet sitt i messeboka slik at gaven ikke ble glemt. Det var intet offisielt alternativ til det kirken forkynte.


Endringer i arvelovenes gjorde at folk kunne gi og testamentere mer av arv og eiendom til kirkelige institusjoner. Slike institusjoner eide etter hvert om lag 40% av jorda i landet. Utbygging av kristenretten ga kirken store bøteinnntekter for brudd på denne retten. Tienden som ble gradvis innført fra 1100-tallet ga faste inntekter både til lokale kirker og prester, og til biskopene. Alt dette danner bakgrunnen for de mange kirkene, og mengden av kirkekunst. Biskop og prost får sin rikelige del av inntektene.

Hvorfor bygge i Stein? Steinkirker var svært dyre og hadde lang byggetid. Men steinkirker ga langt høyere status, selve bygningen ga større verdi til det som skjedde inne. Steinkirkene kunne stå «til evig tid», mens stavkirkene kunne brenne eller rågne. Kirken ble gjerne bygd på høytliggende og synlige steder i landskapet, som symbol på makt. Biskopene ønsket å følge universalkirkelig praksis, å bygge kirker i Stein, selv om det var langt dyrere. Ca. år 1200 er om lag 20 % av norske kirker i Stein.

På et eller annet tidspunkt bestemmes at det skal bygges en stor steinkirke i Slidre. Visste man allerede da hvor høy og stor kirken skulle bli? Var planene klare?

Det er en klar tendens i steinkirker at det blir brukt lokal Stein, som brytes så nær byggeplassen som mulig. Til grunnmurer, murkjerner og veggflater som skulle skjules bak puss, kunne all slags Stein av god kvalitet brukes. Til synlige detaljer og kvaderstein (firkantet) kunne bare visse steinsorter brukes, som kunne hogges til. Steiner brytes ut med spiss-hakker eller med is (som i Ravneberget) og gjerne hogd halvferdige i steinbruddet (på isen?), for å forenkle transporten.

Transport av Stein var den dyreste delen av byggeprosessen. Med enkle transportmidler i middelalderen kunne frakt av byggemateriale til Slidredomen, virke som et over- →



menneskelig arbeid. Dette arbeidet startet flere år før selve byggingen startet. Transport over land skjedde helst på vinterføre med fast bakke og liten friksjon. Da var det også lettere å skaffe folk og dyr til arbeidet. Var det kaldere vintre og sterkere is på Slidrefjorden den gang?

Til fundamentering måtte det graves grøft, minst 2 meter bred og 1,5 meter dyp, med trespader og hakker, helst ned på grunnfjell.

Steinhåndverkerne var spesialister. Steiner ble grovhogget i steinbruddet for å lette transporten, deretter ferdighogget på byggeplassen. Opplæringen på byggeplassen tok minst seks år, fra lærling til svenn og assistent til byggmester.

På ikke tilhøgd Stein er det viktig å få en visflate, den flaten som blir synlig. Mange typer Stein samles omkring og nær byggeplassen for å spare transport, eller tas ut av berg nær ved. Det foretas en viss bearbeiding med meisel.

Det ble brukt tilhøgd, bearbeidet Stein ved hjørner, sokkel, åpninger og søyler. Kvaderstein (firkantet) ble brukt særlig i hjørner. Det er kvaderstein i Slidredomen, men kleberstein i dørromramminger.

Verktøyet var spishakke, meisel, hammer og breihakke. Steinhoggerne hadde stor kunnskap om Stein og fant gode forekomster i området. Steinen er mykest når den er våt.

Det finnes to typer mur: Romansk mur har steinene i skift, det blir stort steinforbruk med små åpninger, muren gir et tungt og massivt inntrykk. Slidredomen har mest slikt murverk. Gotisk mur har store reiste steiner, og murkjernen er fylt med store mengder mørtel og småstein (pinning).

Kalkarbeidere og deres håndlangere var også spesialister. Kalkmuring var en kunst, som tok lang tid, med en jevn, sakte rytme. Brenning av kalkstein skjer ved om lag 900 grader. Så må kalken leskes og den brente kalksteinen blir til en deigaktig masse. Leskingen, blanding med vann som får kalken til å koke, tar gjerne tre år i en underjordisk grop, opptil sju år for å bli førsteklasses. Kalkmörtelen kan ikke brukes ved kaldere vær enn + 4 grader for å herde. Altså er muring sommerarbeid. Hvor kom kalksteinen fra til Slidredomen og hvor skjedde brenningen?

Tømmermenn var også spesialister. Det var stort forbruk av treverk, til stillas, under buer, og til takkonstruksjoner. Takstolene ble trolig ferdighogd og satt sammen på bakken, så demontert og satt sammen på nytt på murkronen. Ofte var bare en gavl av Stein, som støtte til takstolene under reisingen. Det var nøye utvalgt treverk i taket. Stillasene ble gravd ned i bakken og festet til veggen med horisontale tverstokker 10-20 cm inn i veggen. Det var mange etasjer med stillas, utvendig og innvendig. Stillasbjelker kan sees utendørs på vestveggen i Slidredomen.

Hvordan fikk man tunge Stein opp i veggene? Det var nok mye muskelkraft. Det ble brukt vektstenger og vindehjul, såkalte tredemøller. Slidredomen har veldige dimensjoner med store steiner høyt opp i veggene. Teorier om jordbakke oppetter veggene eller langt stillas fra Stupulhaugen stemmer neppe.

Smedene hadde en stor produksjon av jern. Det var mye jernverktøy. Hengsler, låser og beslag viser at de ofte er laget av profesjonelle kunstsmeder.

Det må ha vært et overmenneskelig slit å reise steinkirkene. Kirkebygging har i lang tid overskygget all annen byggevirksomhet. Byggingen tok lang tid, mange tiår, femti år, kanskje med lange pauser.

Kirkebygging med Stein var farlig arbeid. Ingen tenkte på HMS (helse, miljø og sikkerhet) den gang. Hvor mange skadet seg eller døde underveis? Det vet vi intet om, men det må ha vært mange tragedier. Da erkebisop Eystein Erlendsson skadet seg, får vi hele historien i Passio Olavi som et av



Hellig-Olavs undere. Under byggingen av Nidarosdomen var erkebiskopen oppe på muren for å inspirere framdriften tre dager før feiringen av Olavsfesten, men stillaset brøt sammen, og han ramlet ned. I fallet brakk han hoften, og lå pint av smærter og tanken på at han ikke ble i stand til å feire Olavsfesten. På festdagen lot han seg bære inn i kirken, men frisknet da til såpass at han kunne holde en lang preken. Etter en stund ble han helt bra.

Var Slidredomen ferdig i 1264 (da kom en ny prest) når stokkene i skipets takkonstruksjon er datert 1268? Hva betyr det at kirken har vært uten prest «i lang tid»? Hvor mye visste egentlig pave Urban IV om forholdene i Slidre? Kan det ha vært en trekirke inni steinkirken mens steinkirken ble bygd rundt? Fungerte koret som kirke mens resten av kirken ble bygget? Men korets takkonstruksjon antydes å være yngre enn skipets. Dette i motsetning til vanlig oppfatning at koret bygges først, for koret var det viktigste rommet. Med svært lang byggetid kan det ikke ha vært en annen kirke enn den nåværende, i all sin uferdigheit, i 1264. Det tok 230 år å fullføre Nidarosdomen. 60-70 år før Slidredomen er ikke urimelig.

Slidredomen er ikke eldst av kirkene i Valdres. Om vi daterer kirkene etter dendrokronologi (årringstelling) får vi denne lista: Volbu 1148 (stavkirkematerialer), Hedalen 1163, Høre 1179 (men eldre kirke under nåværende), Lomen 1192, Hegge 1216, Ulnes 1265 (takkonstruksjonen), Reinli 1326 (men eldre kirke under nåværende). Vi har Hausåker og Mo kirker nær Slidredomen. Med mange kirker og stort folketall var det behov for en hovedkirke.

Mens kirken bygges, kommer en stor flokk av spesialister utenfra. Det var steinhoggere, kalkarbeidere, tømmermenn og smeder. De blandet seg med lokalbefolkningen gjennom mange år. Hvor bodde de? Hva slags sosialt liv hadde de? Arbeidet de for kost og losji? I hvilken grad hjalp lokalbefolkningen til? Trolig mest om vinteren, for de skulle jo også ta seg av gardsdrifta. Alle bidro, til Guds ære. Kirkebyggingen ga arbeid til mange. I årevis var bygda preget av kirkebyggingen, og av de mange fremmede. For et liv det må ha vært.

Folk kom fra sine små, mørke og lave laftehus. Laftehus er et vannrett prinsipp. Folket følger med på reisingen av dette store, fremmede byggverket. De går til den store kirken. Det loddrette peker oppover, ut av hverdagen. Når kirken er ferdig, går de inn i det store høye rommet. Hva tenkte de da? Bygningen, rommet og etter hvert utsmykkingen må ha vært bildet på himmelen som presten forkynner. Slidredomen er et stolt minne om de generasjonene som reiste kirken.

Dette ga kanskje ikke svar på så mange spørsmål, men skaper kanskje mye undring om en tid og beundring av et byggverk langt tilbake. Om man får en flik av et svar, har man alltid mange nye spørsmål. Det er dette som gjør historieforskning så spennende.

Jahn Bør Jahnzen

Årets gullkonfirmantar i Slidre



Bakerst fra venstre: Ole Anton Sletten, Martin Wiknes, Finn Oddvar Hebbe Johnsrud, Eivind Gunnar Kvam, Nils Einar Ormestad, Aslag Hamre, Per Møen (delvis skjult), Tor Magistad Berge.
Andre rekke: Anne Lise Bjørshol, Randi Rosenlund tidl. Rødningen, Norodd Sveine, Bjørn Harald Hamre, Marit Buajordet.
Fremste rekke: Else Grethe Kvale, Aud Dalbø tidl. Søndrol, Sigrunn Hålien tidl. Robøle, Turi Stølen Kjøs, Gunvor Ulven og Signe Toril Kvale Ekhougen. Sammen med sokneprest Berit Kristin Klevmoen.

Siste helga i august var ca halvparten av oss gjenlevende konfirmanter fra våren 1971 samlet. Først til en hyggelig gjenforeningsmiddag på Sekskanten, Vaset på lørdags - ettermiddagen. Søndag møttes vi så til en høytidelig og feststemt gudstjeneste i Slidredomen hvor også vi fikk hilse på vår lærer Bjørg Berg som møtte opp i kirken. Etter gudstjenesten ble de fleste av oss med på en Gullkonfirmantkaffe på Slidrehuset hvor soknerådet hadde disket opp med rømmegrøt, spekemat og kaker. Da vi ble konfirmert i 1971 ble alle konfirmanterne i Vestre Slidre konfirmert i Slidredomen. Alle sa ja til konfirmasjon den gangen, for da var det uhørt å ikke konfirmere seg i kirka, så mye er endra siden den gangen. Alle vi

som møttes denne helga synes det var artig å kunne møtes igjen etter så mange år, da mange av oss ikke hadde sett hverandre siden vi gikk ut av ungdomskolen i Slidre. Vi er takknemlige for at soknerådet inviterer gullkonfirmantene til en sammenkomst i kirka etter 50 år, dette er det ikke alle kirkesogn som gjør. Av den grunn ble nye kontakter gjenopprettet takket være soknerådet i Slidre. Vårt håp er at vi snart kan møtes igjen, og at vi da også kan møte noen av de som ikke kunne møte opp denne helga i august.

Finn Hebbe Johnsrud
Gullkonfirmant 2021

Barneside

1. ER DU JUNIORGENI?


HER KJEM 5 SPØRSMÅL:

- A) Kor mange luker har ei adventskalender?
- B) Kva heiter dei gule bollane mange et 13. desember?
- C) Stryller (krumkaker) vert ikkje steikt i omn, men i kva?
- D) Kven er det som hentar katten, dersom ikkje rottene i sangen held fred?
- E) Julesjerne er uyanom å vera stjerne, noko heilt anna og. Kva kan det vera?



2. FARGEOPPGAVE MED TALKODAR

Fargelegg med same fargen i dei felta som har same tal.
Øvst ser du kva farge kvart felt skal ha.



3. JULE-LABYRINT:



Hjelp nissen med å finne pakkesleden sin.

Land i Norden

K	N	O	F	I	N	L	A	N	D
B	G	N	H	E	L	N	O	D	S
H	V	O	E	A	L	D	P	Ø	C
T	F	R	C	S	I	A	N	E	W
C	Q	G	I	V	S	N	E	T	V
B	M	E	S	L	K	M	A	I	S
H	J	L	I	S	L	A	N	D	I
P	Å	B	S	V	E	R	I	G	E
H	J	T	E	X	S	K	B	H	K
K	Y	R	F	U	O	V	F	I	S

4. NORDISKE LAND:

Her er eit rutenett med bokstavar. Om du leitar, både vassbeint og loddbeint, vil du finne Norge, Sverige, Finland, Danmark og Island.



5. JULESUDOKU:

Teikne inn i kvar tome rute slik at det blir ein ting av kvart slag i kvar rad, både vassbeint og loddbeint. Fargelegg gjerne det du har teikna etterpå.

SVAR FINN DU EI ANNAN STAD I BLADET

Lys vaken i Røn kyrkje



Siste helga i oktober var det Lys vaken – helg i Røn kyrkje, det var 11 flotte femteklassingar som var med denne helga. Trusopplærar Geir hadde laga eit opplegg for ungane laurdag kveld, med skattejakt, kyrkjegardsløype, grilling og øving til messa neste dag. Det vart ein fin kveld der dei som hadde sine på kyrkjegården tente lys på gravene, det vart ei sterk oppleveing for både barn og vaksne. Kvelden vart avslutta med at dei som ville overnatta i kyrkja.

Sundag morgen starta vi i kyrkjestogo med frokost frå soknerådet, så kom Berit Kristin og vi øvde og fekk oppgåver til gudstenesta. I messa var ungane med og hjelpte soknepresten med tekstlesing, bønnenvandring, nattverd og song, dei hadde og øvd inn ein song/dans som handla om Lys vaken.

Takk for ei fin helg!!

Tekst og biletet: Geir Kongslien og Johanna Fuglesteg



Fint oppstilt til prosesjon.



Alle fylgjer med!

Magnus Brostrup Landstad:

Fra fjord og fjære

Den fyrste heilnorske julesongen

Fra fjord og fjære, fra fjell og dypen dal
et «Ære være!» i dag gjenlyde skal.
Fra kirketårne, I fryds basuner, støt!
For Guds enbårne som er i dag oss født;
vi var forlorne,* nu er vi frelst av nød!

Til kirken samle seg fra hver gård og grend
de unge, gamle av kvinner og av menn!
Vi ønsker eder så glad en julefest,
Guds rikes gleder, Guds fred i Jesus best.
Hos hver som greder,** vår Herre selv vær gjest!

Guds store under, vi have engle hyst,***
Krist hos oss blunder, Guds fred på jord er lyst!
Ja, la kun høres Guds barns halleluja,
la strengen røres for Krist i Davids stad!
Nu skal vi føres med ham til himlen glad.

I krybben smiler gudsbarnets nådeskinn
ad hver som iler med hyrder til ham inn;
de ham oplete og have sjelen full
av bønn å bede, av myrra og av gull.
De gå med glede, gud er dem hjertens huld.****

Hav takk, som treder til armods hytter ned!
Hav takk, som gleder oss med din søte fred!
Kom inn, o Kriste, tend lys i hver manns gård
la isen briste, giv varme snart og vår,
la ingen miste hvad godt din fødsel spår.

Herute kulde er nu og dypen sne,
Guds himle fulle av stjerner dog å se;
for oss optendes en deilig nådesol,
Guds åsyn vendes til oss fra himlens stol,
når allting endes, vi der skal holde jul.

* fortapte, ** gråter, *** huset, ****vennligsinnet



Magnus Brostrup Landstad og kona Wilhelmine Margrete Marie fødd Lassen.

I 1856 gav Magnus Brostrup Landstad ut heftet: *Julesalmer sådanne som de agtes foreslaade til kirkeligt brug*. Her finn me *Fra fjord og fjære* fyrste gongen på trykk.

I denne salmen stig for fyrste gong eit norsk vinterlandskap fram i ein julesalme.


Landstad er mest kjend for for å ha gjeve ut *Norske folkeviser* (1853) og *Kirkosalmebog*, som vart autorisert for bruk i gudstenester i 1869.

Magnus Brostrup Landstad var prest, salmediktar, folkeminnesamlar og kulturpersonlegdom på 1800-talet, han vaks opp i Vinje og Seljord der far hans var prest.

Han levde frå 1802 til 1880, og salmeboka hans, som vart revidert fleire gonger, er utan tvil den salmeboka som har vore mest bruk i Noreg. Denne salmen står i norsk salmebok på nr 50, og blir sungen på ein melodi av Hardemack Otto Conrad Zinck, komponert 1802.

Oldemor mi, Gjertrud Haugen (1863 – 1948) song denne kvar juleaftan, det tok mor mi med seg, og eg trur eg må begynne eg og...

Johanna Fuglesteg



Julekort frå 50-talet.

Liv og røre og fin stemning i prestegarden siste laurdagen i november. Edith Helle og Lillian Bekkemellom hadde, i samarbeid med Berit Kristin, pynta fint rundt i heile preste-gardshagen. Her var det noko å sjå på og fundere på overalt! Julemarknaden måtte avlysast, men juletreeet vart tent, Alexander Juel de Sarrazin og Røn musikklag stod for musikken, ordførar Haldor Ødegård og sokneprest Berit Kristin Klevmoen tala, soknerådsmedlemar frå heile bygda stilte opp og fyrt i bålpanner, serverte gløgg og peparkaker og alle treivst. Berit Kristin var overalt og oppagt!



Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg og Anne Karin Ruud Truberg

KYRKJELEGE HANDLINGAR

September – november 2021

Jordfesta	Lomen sokn: 12.11 Endre J. Stee	f. 1932
	Røn sokn: 24.11 Erna Tordis Tildheim	f. 1939
	Slidre sokn: 24.09 Rønnaug Trøen	f. 1932
	06.10 Olborg Neste	f. 1927
	09.11 Ranghild Tuvmarken	f. 1940
	17.11 Berit Einang	f. 1942
Døypte	Lomen sokn: 02.10 Malin Fjelltun Kvame (Stavkyrkja)	
	Slidre sokn: 17.10 Ottar Komperud (Bur i Nord Aurdal)	
	Røn sokn: 26.09 Ådne Hegge Johnsen	
	28.11 Eline Bråten	

Inn i juletida og mot eit nytt år ber vi:

Hald oss fast, Herre Krist!

Herre Jesus Kristus, Guds Son:

Du hører våre skrik, du merkar våre tause rop,
du ser våre gråtande sjeler.

Møt oss ved grensene for vår forstand.

Møt oss i vår djupe avmakt.

Lat din kjærleik
vera bandet til verda slik ho er.
Hald oss fast i di djupe omsorg
og fyll oss med mot nok
til å møta livet.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og facebookside!

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
DESEMBER				
24.12	Juleaftan	14.00	Lomen	
24.12	Juleaftan	15.00	Slidredomen	
24.12	Juleaftan	16.00	Røn	
25.12	1. juledag	11.00	Slidredomen	
JANUAR 2022				
02.01	Kristi openberringsdag	19.00	Øyjar	
09.01	2. s i openberringstida	11.00	Lomen	
16.01	Frihelg			
23.01	4. s i openberringstida	11.00	Røn	
30.01	5. s i openberringstida	11.00	Slidredomen	
FEBRUAR				
06.02	6. s i openberringstida Samefolkets dag	11.00	Lomen	
13.02	Såmannssundagen	19.00	Slidredomen	
20.02	Frihelg			
27.02	Fatelavnssundag	11.00	Røn	
MARS				
06.03	1. s i fastetida	11.00	Lomen	
13.03	2. s i fastetida	11.00	Røn	
20.03	Frihelg			
27.03	Maria bodskpsdag	11.00	Slidredomen	
APRIL				
03.04	4. s i fastetida	11.00	Slidredomen	
10.04	Palmesundag	11.00	Lomen	

På kvar messe blir det teke opp takkoffer. Kven takkofferet skal gå til blir opplyst i gudstenesta.

Barnet

Jeg vandret på villstrå i verden,
mitt følge var smerte og tvil,
men *du* er den røst som skal rope
meg heim fra vegløse mil.

Fra mørket i morslivet kom du:
et selsomt, forklaret bud
fra verdener bakenfor denne,
fra livet og håpet og Gud.

Du ser på meg, blidt og stille –
da undres jeg over at ord
som *Angsten* og *Hatet* og *Hevnen*
er kjent av noen på jord.

Så lenge et hjerte skapes
hellig og reint som ditt,
skal mennesket tro og håpe
trass alle tap det har lidt.

Jeg løfter deg, barn, som en visshet
mot skjæret av Ragnarok-rødt:
I lyset av regnbuens løfte
blir barnet – vår frelser – født.

HANS BØRLI

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjrar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Svar på spørsmål fra Barnesida

JUNIORSPØRSMÅL:

- A) 24 – B) Lussekattar – C) Strylle- eller krumkakejern –
- D) Nissen – E) Ein Blomst

NORDISKE LAND:

- Vassbeint sett ovafrå og ned:
- Finland 1. line, – Island 7. line, – Sverige 8. line
- Loddbeint frå venstre mot høgre: Norge 3. line –
- Danmark 8. line

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope mandag – torsdag fra 09.00 – 15.00.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	bk788@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	61345098 92887778	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Kantor/organiststillinga er lyst ut andre gong, kyrkjekontoret skaffarvikarar inntil vidare.

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



Ei god og fredeleg julehøgtid og eit godt nytt år!

*Helsing frå oss i redaksjonen
Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg,
Per Olav Eide og Veslemøy Kvamme.*

E-postadresse til kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolanseteletegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Røn VVS AS

Røn butikksenter
2960 Røn



Byggtorget
Fosheim Sag



JULEKVAD

Early Voices

Kalle Moberg, akkordeon

Slidredomen

19.12 / 19.00

Billetter: 200,- til Vippsnummer: 620343

Eller send bestilling til vk766@kyrkja.no

Støttet av Kulturrådet

Framsida vart brukt som framside på kyrkjebladet til jul i 2000!